

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

STAD: STAVANGER, CLARION HOTEL ENERGY

MØTETIDSPUNKT: 3. MARS 2015 kl. 0830 – 1600

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Terje Vareberg	Styreleiar
Lise Reinertsen	Nestleiar
Gunnar Berge	Medlem
Tone Berentsen Steinsvåg	Medlem
Olin Johanne Henden	Medlem
Reidun Nyborg Johansen	Medlem
Ohene Aboagye	Medlem
Aslaug Husa	Medlem
Lise Karin Strømme	Medlem
Tom Guldhav	Medlem

FORFALL FRÅ STYRET

Det var ingen forfall på møtet

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Herlof Nilssen, administrerende direktør
Ivar Eriksen, eigardirektør (deltok frå 08.30 - 12.00)
Hilde Christiansen, personal- og organisasjonsdirektør
Baard-Christian Schem, fagdirektør
Per Karlsen, økonomi og finansdirektør
Bente Aae, kommunikasjonsdirektør
Torunn Nilsen, styresekretær

SAKLISTE

Sak 018/15	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 019/15	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 04.02.2015
Sak 020/15	Administrerende direktør si orientering
Sak 021/15	Rapportering frå verksemda per januar 2015
Sak 022/15	Styringsdokument 2015 til helseføretaka og Helse Vest IKT AS
Sak 023/15	Årleg melding for 2014
Sak 024/15	Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Vest RHF
Sak 025/15	Oppnemning av nytt medlem av revisjonsutvalet
Sak 026/15	Etablering av nytt innkjøpsføretak i Helse Vest – Helse Vest Innkjøp HF
Sak 027/15	Stifting av Helse Vest Innkjøp HF
Sak 028/15	Årsrapport for revisjonsutval og internrevisjon 2014
Sak 029/15	Plan for internrevisjon 2015-2016
Sak 030/15	Instruksar for revisjonsutval og internrevisjon

Saker til orientering:

Sak 031/15	Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 04.12.2014
Sak 032/15	Eventuelt Skriv og meldingar

Presentasjon av Helse Vest IKT AS, ved administrerende direktør Erik M. Hansen

Administrerende direktør i Helse Vest IKT, Erik M. Hansen, presenterte resultat, status og utfordringer i Helse Vest IKT AS.

Lysark er sendt ut til styret.

Sak 018/15 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering

Styreleiar orienterte om at styremøtet var ope for publikum og presse.

Forfall:

Det er ikkje forfall til møtet.

Dokument som var delt ut i møtet:

Styreleiar orienterte om at orienterte om at følgjande dokument var delt ut i møtet:

- Tidsplan for styremøtet
- Notat til sak 022/15 Styringsdokument til Sjukehusapoteka Vest HF - endring
- Notat til sak 023/15 Årleg melding 2014 – endring
- Notat til sak 026/15 Innkjøpsfunksjon – tilleggsnotat

Til dagsorden:

Styreleiar orienterte om at det var eit nytt punkt på AD si orientering:

- Ny dato for studietur

Eventuelt:

Det var ikkje meldt om saker til eventuelt

Vedtak (samrøystes)

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

Sak 019/15 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 04.02. 2015

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente og underteikna protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 4. februar 2015.

Sak 020/15 Administrerende direktør si orientering

- 1. Rapportering tilsynssaker**
Administrasjonen viste til utsendt notat.
- 2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav**
Administrasjonen viste til utsendt notat.
- 3. Oversikt over aktuelle høyringar**
Administrasjonen viste til utsendt notat.

4. Resultatnotat 2014

Notatet gjev ein oversikt over gode resultat frå førre år.

Styret vil og få tilsendt ein presentasjon som kan nyttast til orientering om Helse Vest i ulike samanhengar.

5. Ny dato for studietur i 2015

Studieturen for styret i Helse Vest, blei flytta til 22. september. Det blir avreise til Østfold direkte etter styremøtet i Førde 21. september.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 021/15 Rapportering frå verksemda per januar 2015

Oppsummering

Ventetidsutviklinga per januar 2015 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling var 69 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgangen av månaden var 70 dagar.

Aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren er noko høgare enn per januar 2014, for innlagde døgnpasientar og poliklinisk behandling. For dagbehandling og talet genererte DRG-poeng er nivået noko lågare. Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern syner høgare poliklinisk aktivitetsnivå innan BUP og psykisk helsevern for vaksne samanlikna med same tid i 2014. Det er generert færre utskrivne døgnpasientar og talet liggjedøgn er og lågare enn førre år, både innan PHV og BUP.

Prosentdelen fristbrot for behandla låg på 4 % i januar 2015. Innan somatikken er korridorpatientar framleis ei utfordring, og det gjennomsnittlege talet pasientar på korridor steig den seinaste månaden. Innan psykisk helsevern har talet korridorpatientar samla sett vore rimeleg stabilt dei seinaste månedane. Det samla talet på langtidsventande (1 år+) i regionen held seg stadig på eit historisk lågt nivå. Delen epikrisar sendt innan 7 dagar var 85 % innan somatikken og 80 % innan psykisk helsevern i januar 2015.

Per januar 2015 var det samla sjukefråværet på 7,2 % og sjukemeldt fråvær på 5,8 %. Per januar 2014 var det samla sjukefråværet på 6,7 % og sjukemeldt fråvær på 5,4 %. Samla sjukefråvær og sjukemeldt fråvær var høgare per januar 2015 enn per januar 2014. Per januar 2015 hadde 61,35 % av einingane i føretaksgruppa eit totalt sjukefråvær under 5,5 %, og 64,32 % av einingane hadde eit sjukemeldt fråvær under 4,5 %.

Det er per januar 3 083 fast tilsette medarbeidarar som har registrert profilen sin i deltidskartlegginga. Totalt er det 3 052 fleire tilsette i 100 % stilling per januar 2015 samanlikna med desember 2010. Ved utgangen av januar 2015 er den korrigererte gjennomsnittlege stillingsprosenten 90,71 %. Dette er ein oppgang på 0,02 % frå desember 2014.

Det økonomiske resultatet i januar er kr 22,2 mill. som er kr 22,1 mill. svakare enn budsjettet. Helse Vest RHF kvalitetssikrar for tida føretaka sine budsjett med hovudfokus på å avdekke risiko og iverksetjing av kompenserande tiltak. Omfang av tiltak og resultatata av desse vil bli nærare kommentert i rapporteringa for februar.

Samla investeringar per januar er på kr 126,2 mill. Dette utgjør omlag 7 % av budsjettert investeringsnivå i 2015.

Driftskredittramma vil ved årets slutt vere kr 1,95 mrd. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittramme vurdert å vere tilfredsstillande.

Styret diskuterte utfordringane i Helse Stavanger HF, og ønskja å komme tilbake til tiltak for å møte utfordringane i dialog med styret i Helse Stavanger HF i fellesmøte 6. mai. Tema som styret ønskja dialog om i fellesmøtet var mellom anna: Økonomisk resultat og konsekvensar for utbyggingsprosjekt, fristbrot, korridorpatientar, analysemateriell i regi av «Alle møter», arbeidsprosessar, pakkeforløp og planlegging av aktivitet.

Styret ba om at felles tiltak for å unngå vald og truslar mot tilsette og pasientar blei gjennomgått med HF-a i direktørmøtet i Helse Vest. Etter forankring i helseføretaka, ønskja styret ein styresak som viser oppdatert status på kva som er situasjonen, kva tiltak kan vere aktuelle med konsekvensar for tilsette og pasientar.

Når det gjeld vurdering av tiltak med skanning pasientar/besøkande ved innkomst, vil det etter gjennomgang i direktørmøtet, bli sendt brev til Helse- og omsorgsdepartementet med orientering om kva tiltak som blir sett i verk i føretaksgruppa Helse Vest.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. januar 2015 til etterretning.

Sak 022/15 Styringsdokument 2015 til helseføretaka og Helse Vest IKT AS

Det er gjennomført drøftingar med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod.

Oppsummering

Styringsbodskapen til helseføretaka og Helse Vest IKT blir årleg formidla gjennom eit heilskapleg styringsdokument. Styringsdokumenta inneheld overordna signal om blant anna bruk av midlar og om prioriteringar innan dei fire hovudoppgåvene pasientbehandling, undervising, forskning og pasientopplæring. I tillegg inneheld dokumentet økonomiske og organisatoriske krav.

Det er i styringsdokumentet 2015 for Sjukehusapoteka Vest stilt krav om eit positivt resultat på 13 mill. kroner for den samla verksemda. I forbindelse med ESA's vedtak 460/13/COL er det stilt krav om fortjeneste i publikumsekspedisjonen til sjukehusapoteka. Det blir i den samanheng føreslått å gjere ein presisering av dette kravet i styringsdokumentet under pkt. 5.1 Resultatkrav for 2015.

Styret slutta seg til at teksten i pkt. 5.1. Resultatkrav for 2015, blei oppdatert som følgjer:

Sjukehusapoteka Vest skal i 2015 oppnå eit positivt resultat på 13 mill. kroner. Drifta av publikumsekspedisjonen må gi ein tilfredsstillande avkastning på linje med alternativ bruk av kapital og avkasting elles i apotekbransjen. Føretaket må budsjettere drift, økonomisk resultat og investeringar innanfor tilgjengeleg likviditet, og på ein måte som gir ein tilstrekkeleg buffer for likviditet gjennom året.

Styret ønskja at måleindikatorar for «Den gyldne regel» blei presentert for styret før behandlinga av budsjett for 2016.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2014 for Helse Stavanger HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 03.03. 2014.
2. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2014 for Helse Fonna HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 03.03. 2014.
3. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2014 for Helse Bergen HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 03.03. 2014.
4. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2014 for Helse Førde HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 03.03. 2014.
5. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2014 for Sjukehusapoteka Vest, med den endringa som kom fram i møtet 03.03.2014.
6. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2014 for Helse Vest IKT AS i samsvar med forslaget lagt fram for styret 03.03. 2014

Sak 023/15 Årleg melding for 2014

Oppsummering

Helseføretakslova § 34 og vedtektene for Helse Vest RHF § 15 slår fast at Helse Vest skal utarbeide ei årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet som inneheld styret sitt plandokument for verksemda og styret sin rapport for året som var.

Meldinga frå Helse Vest RHF til Helse- og omsorgsdepartementet er ein del av eit samanhengande plan og meldingssystem. Årleg melding skal gi departementet grunnlag for arbeidet med statsbudsjettet og oppdragsdokumentet for neste år. I årleg melding rapporterer Helse Vest på korleis dei krav og føringar som Helse- og omsorgsdepartementet har formidla gjennom oppdragsdokument og protokoll frå føretaksmøtet er følgd opp. Gjennom årleg melding får departementet eit grunnlag for å vurdere om dei helsepolitiske mål er innfridd.

Styret slutta seg til at teksten på side 22 i årleg melding 2014, blei oppdatert som følger:

Helse Vest RHF har kjøpt 48 nye døgnplassar frå ideelle verksemder i 2014. Per dags dato er 33 av plassane i drift. 15 av plassane skal driftast av ein ny aktør som skal etablere seg i Stavangerområdet, og det er avtalt oppstart av desse plassane frå 1. april 2015. Med den auka veksten har Helse Vest fått to nye tilbod til familiar med små barn der mor eller far har problem med rusmiddel, og betra kapasiteten på plassar innan stabilisering og utgreiing, ordinære døgnplassar, plassar for unge med omfattande behov og akutt/avrusingsplassar.

Etter innspel frå Regionalt brukarutval slutta styret seg også til å endre formuleringane «ressursvake» og «ressurssterke» pasientar på side 45 i årleg melding.

Til neste års årlege melding ønska styret meir fokus på kvalitative mål og førebyggjande arbeid i spesialisthelsetenesta. Styret ønska ein overordna diskusjon om kva Helse Vest gjer/bør gjere innan folkehelse, helsefremmande og førebyggjande arbeid og kva som kan vere gode kvalitative mål, i god tid før neste års årlege melding.

Styret ønska ei styresak/notat til hausten som viser kva Helse Vest gjer innan førebyggjande arbeid og med forslag korleis vi kan kommunisere dette på ein god måte.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret godkjende forslaget til årleg melding for 2014 med dei endringane som kom fram i møtet, og oversender meldinga til Helse- og omsorgsdepartementet.
2. Styret tok årleg melding for 2014 frå det regionale brukarutvalet i Helse Vest til orientering.

Sak 024/15 Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Vest RHF

Oppsummering

Styret etablerte i 2013 ein praksis med å få seg førelagt styrande dokument ein gong årleg. Tanken er å sikre god kunnskap og oversikt samstundes som det legg til rette for at ein jamleg kan fange opp om det er naudsynt med endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokument.

Det blir i saka gitt ei orientering om gjeldande styrande dokument.

Styret viste til andre avsnitt i § 14 i vedtekter for Helse Vest RHF:

«Styret skal også påse at samiske organisasjonar, nasjonale minoritetsorganisasjonar og invandrerorganisasjonar i helseregionen blir hørt i arbeidet med planlegging og drift av tenestene»

Administrasjonen orienterte om at representasjon av medlemmer med minoritetsbakgrunn er innarbeidd i retningslinjene til Regionalt brukarutval (RBU). Leiar for Regionalt brukarutval deltok i møtet, og gav tilbakemelding på at RBU vil sjå på korleis dei kan ivareta dette på ein god måte.

Vedtak (samrøystes)

Styret er kjend med og tek til etterretning følgjande dokument:

- a. Vedtekter for Helse Vest RHF, sist revidert i føretaksmøte 7. januar 2015
- b. Styreinstruks for styret i Helse Vest RHF
- c. Instruks for administrerande direktør i Helse Vest RHF
- d. Fullmaktsstruktur for Helse Vest RHF
- e. Rettleiaren «Styrearbeid i regionale helseføretak»
- f. Etske retningslinjer for Helse Vest
- g. Regjeringa sin eigarpolitikk, jf. Meld. St. 27 (2013-2014)
- h. Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel

Sak 025/15 Oppnemning av nytt medlem av revisjonsutvalet

Oppsummering

Styret i regionalt helseføretak skal blant sine medlemmer velje minst tre personar til styrets revisjonsutval. Med bakgrunn i at eit av medlemmene i revisjonsutvalet er gått ut av styret i Helse Vest RHF er det behov for å oppnemne eit nytt medlem til utvalet.

Vedtak (samrøystes)

Styret oppnemnar Lise Karin Strømme som ny representant til styret sitt revisjonsutval.

Sak 026/15 Etablering av nytt innkjøpsforetak i Helse Vest – Helse Vest Innkjøp HF

Det er gjennomført drøftingar med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod.

Oppsummering

Helse Vest RHF etablerte i juni 2013 eit prosjekt som skulle vurdere framtidig organisering av innkjøpsfunksjonen i helseføretaka. Dei administrerande direktørane i helseføretaka, leiargruppa i Helse Vest RHF, ein konserntillitsvalt og konsernhovudverneombod har vore i styringsgruppa for prosjektet. Denne saka er basert på rapporten frå prosjektgruppa, og gjer greie for dei tilrådingane prosjektet gir knytt til framtidig organisering av innkjøpsområdet i regionen. Prosjektet tilrår følgjande :

- at det blir oppretta eit nytt helseføretak kalla Helse Vest Innkjøp HF
- at alle medarbeidarane innan innkjøpsområdet blir overført (overdraging av verksemd) til dette føretaket i løpet av 2015.

Det er styra i helseføretaka, Helse Vest IKT AS og Helse Vest RHF som treff avgjerd om overdraging av verksemd. Styret i Helse Vest RHF stiftar det nye føretaket.

Styret ønskja at selskapet skulle vere eit forbilde når det gjeld etisk innkjøp, og presiserte at dette må ha høgt fokus i det vidare arbeidet.

Styret la vekt på at ansvar for strategi og styring av innkjøp skal ligge til styret og leiing i Helse Vest RHF og at kjøp av helsetenester framleis skal bli ivaretatt av Helse Vest RHF. Styret føreset at helseføretaka gjennomfører gode prosessar i etableringa av det nye selskapet. Med bakgrunn i dette la styre inn nye vedtakspunkt 2, 3 og 8.

Vedtak (samrøystes)

1. Helse Vest Innkjøp HF blir etablert innan 1. april 2015 i medhald av lov om helseføretak av 15. juni 2001 nr. 93.
2. Styret legg vekt på at ansvar for strategi og styring av innkjøp ligg til styret og leiing i Helse Vest RHF
3. Styret presiserer at kjøp av helsetenester framleis blir ivaretatt av Helse Vest RHF og blir ikkje overført til det nye føretaket
4. Styret godkjenner at det blir gjennomført overdraging av verksemd for innkjøpsfunksjonen frå Helse Vest RHF til Helse Vest Innkjøp HF.
5. Overdraginga skal skje i tråd med gjeldande lover og avtaler, jf. særleg Arbeidsmiljøloven §§ 16-1 – 16-7.
6. Styret ber administrerande direktør gjennomføre overdraginga av verksemda for innkjøpsområdet i god dialog med dei medarbeidarane overdraginga gjeld.
7. Styret ber administrerande direktør bidra til at overdraginga kan gjennomførast snarast råd, og seinast i løpet av 2015.
8. Styret føreset at helseføretaka gjennomfører gode prosessar i etableringa av det nye selskapet.

Sak 027/15 Stifting av Helse Vest Innkjøp HF

Det er gjennomført drøftingar med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod.

Saka blei utsatt til neste styremøte.

Sak 028/15 Årsrapport for revisjonsutval og internrevisjon 2014

Oppsummering

Det heiter i instruks for revisjonsutvalet at «Revisjonsutvalet skal for styret i Helse Vest RHF leggje fram årleg rapport om sitt arbeid og internrevisjonens arbeid, til orientering».

Rapporten er som tidligare år samla i eit felles dokument.

Revisjonsutvalet behandla årsrapporten på møte 12.02.2015 og vedtok samrøystes: «Revisjonsutvalet rår styret i Helse Vest til å godkjenne årsrapporten for revisjonsutvalet og internrevisjonen 2014.»

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjende årsrapporten for revisjonsutvalet og internrevisjonen 2014.

Sak 029/15 Plan for internrevisjon 2015-2016

Oppsummering

Plan for internrevisjon vert utarbeidd med ein tidshorisont på to år og med årleg rullering. Det vedlagte planforslaget gjeld 2015 og 2016.

Planarbeidet for kommande periode har vært gjennom ein ganske omfattande prosess, med mellom anna fleire behandlingar i revisjonsutvalet, styreseminar, og med innspel frå helseføretaka.

Forslaget inneheld eit knippe tema som det bør gjennomførast internrevisjonsprosjekt på i planperioden. Før oppstart av kvart prosjekt, vil rekkefølga mellom prosjekta og innhaldet i dei (avgrensingar/problemstillingar), bli drøfta i revisjonsutvalet.

Styret blei orientert om rutinar for varsling i helseføretaka, og at ordninga fungerer tilfredstillande. Avviksmeldingar blir handtert litt forskjellig i dei ulike helseføretaka. Retningslinjer er etablert i alle helseføretak.

Styret ønska ei sak med oppdatert status på rutinar og handtering av varsling og avviksmeldingar i HF-a, med vurdering av behov for eventuelle tiltak, i eit seinare møte.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner forslaget til ny plan for internrevisjon 2015-2016.

Sak 030/15 Instruksar for revisjonsutval og internrevisjon

Oppsummering

Helseføretakslova vart endra med verknad frå 1.1.2013. Konsekvensane for revisjonsutval og internrevisjon vart drøfta i styresak 034, 6. mars same året. Ein såg lite behov for endringar den gong, og det er ikkje gjort endringar i instruksane for internrevisjon og revisjonsutval sidan det. Ein bør samstundes ha periodiske vurderingar av instruksane, for å vere trygg på at dei femner det ein ønskjer.

I denne saka vert det gjort framlegg om ei mindre justering i instruks for internrevisjon, ved at mynde til å fastsette godtgjersle for leiar for internrevisjonen i samråd med revisjonsutvalet, blir flytta frå styret til administrerande direktør. Tilrådinga er i forståing med administrasjonen i Helse Vest RHF, og vart tilrådd av revisjonsutvalet på sitt møte 12.2.2015.

Det er ingen endringar i instruks for revisjonsutvalet.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjende endring i instruks for internrevisjon slik det gjekk fram av saka.

Sak 031/15 Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 04.12.2014

Oppsummering

Revisjonsutvalet i Helse Vest RHF hadde møte i Stavanger 4. desember 2014.

Styret blir orientert om revisjonsutvalet sitt fortløpande arbeid gjennom protokollane. Denne protokollen vart godkjent av utvalet 12. februar 2015.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok protokollen frå møte i revisjonsutvalet 04.12.2014 til orientering.

Sak 032/15 Eventuelt

Saker i media om behov for helikopterbase i Helse Fonna HF (TV)

Administrasjonen orienterte om saka.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 011214 – Rapportering pr. oktober 2014
- Kopi av brev frå Fylkesmannen i Rogaland til Helse Stavanger HF, dagsett 150115 – Tilsynsrapport – kardiologisk poliklinikk
- Kopi av brev frå Eid Venstre 260115 til Helse Førde HF, dagsett 270115 – Kutt ventelistene, bruk lokalsjukehusa
- E-post frå Helse Vest RHF til Eid Venstre, dagsett 280115 – Bekreftelse på mottatt e-post
- Protokoll frå ekstraordinær generalforsamling i Helse Vest IKT, dagsett 050215
- Referat frå Regionalt brukarutval, dagsett 261114

Styret sitt kvarter

Administrasjonen deltok ikkje på styret sitt kvarter.

Torunn Nilsen

03.03. 2015

Terje Vareberg	Styreleiar
----------------	------------

Lise Reinertsen	Nestleiar
-----------------	-----------

Ohene Aboagye	Medlem
---------------	--------

Gunnar Berge	Medlem
--------------	--------

Tone Berentsen Steinsvåg	Medlem
--------------------------	--------

Olin Johanne Henden	Medlem
---------------------	--------

Tom Guldhav	Medlem
-------------	--------

Lise Karin Strømme	Medlem
--------------------	--------

Bente Sissel Pilskog	Medlem
----------------------	--------